

## **SAK 07/24 FRIKOMMUNE OPPFØLGING AV SAK 11/23**

### **Saksopplysning:**

På Hallingtinget i april 2023 vart det i sak 11/23 fatta slikt vedtak:

«Hallingtinget ber om at det blir utarbeidd eit forslag til pilot for Hallingdal frikommune eller eit forslag til ein endra samarbeidsprofil i Hallingdal der ein ser på mogelege nye samarbeidsformer innan helse, samfunnsutvikling eller anna. Forslaget skal møte dagens behov og utfordringsbilete og leggast fram til drøfting på neste Hallingting»

Kommunal og distriktsdepartementet inviterte kommunar til å søke om å bli forsøkskommune (frikommune) i mai 2023. Desse søknadane er enno til behandling. Hallingdal søkte ikkje, men kan fortsatt sende eigen søknad. Det er departementet som godkjenner forsøkskommunar (frikommunar) etter førsøkslova. Forskjellen på å delta i ordninga og ikkje er at dep. Betalar evalueringa for dei som er med.

For å søke må me definere ei problemstilling der lov, forskrift eller regelverk står i vegen for utvikling eller ønska endring. Så kan me søke fritak for denne heimelen. Td kan ei prøve ut modellar for samhandling om oppgåvedeling og bruk av helsepersonell på tvers av 1. og 2. linjeteneste i helsevesenet for å betra ressurssituasjon og kompetansedeling.

Kommunar kan samarbeide om å bli forsøkskommune, men det følgjer ingen midlar med.

### **Vurdering:**

Med fare for å ikkje forstå ordninga fullt ut, meiner dagleg leiar ordninga med frikommune høyrer noko tungrodd ut og at det ikkje primert er lovverk eller regelverk som hindrar oss i å få til utvikling på ulike område. Som døme kan ein bruke helsevesenet i Hallingdal. Helse-samarbeidet i dalen er truga/utfordra og kunne vore mykje betre enn i dag. Likevel er det ikkje lovverk eller manglande heimel som hindrar oss i å organisere det optimalt, det er usemje om pengar, det er kunnskapsløyse, det er faglege, politiske og geografiske diskusjonar og ein heil del følelsar.

Dagleg leiar foreslår at me sett døra på gløtt, er klar over ordninga, men at me ikkje går inn i ei forsøksordning no.

### **Forslag til vedtak:**

Hallingtinget vedtar at Hallingdal ikkje søker om å bli frikommune/forsøkskommune no.

Hallingdal, 15. april. 2024

Jan Olav Helling  
Dagleg leiar